

Grunngjeve spørsmål til ordføreren i kommunestyre 30.august 2018

Samleveggar til Håmyra- status og framdriftsplan

Grunnarbeidet i samband med utbygginga i Håmyra tidlegare i år var omfattande og spesielt utfordrande for naboane til utbyggingsområdet. No er denne delen for det meste avslutta og bygging av bustadar har kome godt i gong. Fleire ser etter kvart at Håmyra vil verte eit fint alternativ for mange med behov for bustad i nærleiken av Volda sentrum i åra som kjem.

Reguleringsplanen med tilhøyrande føresgner til planen vart vedteken av kommunestyret i juni 2015. I føresgnene er det fastsett fleire strakstiltak før utbygging av Håmyrafeltet:

- Eit av desse tiltaka var at reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen Solhøgda skulle startast opp straks . Denne strekninga skal i følgje føresegene opprustast til samlevegstandard.
- Kleppevegen vest for Håmyra skal ha status som samleveg
- Engesetvegen frå Storgata og forbi omsorgssenteret skal opprustast
- Andre byggetrinn i Håmyra med utbygging ovanfor samlevegen gjennom Håmyra skal ikkje iverksettast før desse tiltaka er på plass.

Kommunestyret avsette i budsjett og økonomiplan for 2018-2021:

- 3,2 mill kroner i 2018 og 1,6 mill kroner i 2019 til Kleppevegen som samleveg vest for Håmyra gjennom Urbakkfoten
- Likeins 1,6 mill kroner i 2018 og same beløp i 2019 til opprusting av Engestevegen

Mange er interessert i kva som som no skjer med desse nødvendige tiltaka knytt til utbygginga i Håmyra. Vi veit av erfaring at dette er tidkrevjande tiltak. Realisering er nødvendig for å fordele trafikken inn og ut av Håmyra etter kvart som området vert teke i bruk. Likeiens er spesielt Kleppevegen ein førestnad for utbygging av nytt bustadfelt i Urakkfoten som i fylgje økonomiplanen skal vere klart i 2019-2020.

Mi hensikt med spørsmåla er at flest mulig skal få eit samla inntrykk av kor langt ein er komne i arbeidet no og når ein kan forvente at dette er realisert.

Sidan det er løyvt pengar for inneverande år og det neste men ingenting for åra 2020 og 2021 er spørsmåla til ordføreren difor kva som er status no og planlagt framdrift når det gjeld:

1. Planlegging og realisering av Kleppevegen
2. Utbetring av Engesetvegen
3. Regulering og utbetring av strekninga Lisjenakkvegen-Solhøgda
4. Er det realistisk at alt dette er på plass som planlagt i budsjett og økonomiplan

26.08.2018

Arild Iversen
Volda KrF

Svar på grunngeve spørsmål frå Arild Iversen, datert 26.8.2018

Samleveggar til Håmyra- status og framdriftsplan

Dei budsjett tal som er gjengjeve i innleiinga til spørsmåla stemmer ikkje heilt med gjeldande økonomiplan for 2018-2021, som vedteke av Volda kommunestyre i desember 2017.

Gjeldande budsjett er:

Engesetvegen: Kr 4 mill i 2018, og Kr 2 mill i 2019

Urbakkfoten: Kr 1,5 mill i 2018, og Kr 5,5 mill i 2019

Raudemyrvegen: Kr 1,5 mill i 2019, og Kr 8,5 mill i 2020

Kleppevegen: Kr 0,5 mill i 2021

Desse tala er inkludert moms

Gjennomføringsplanen ser slik ut i dag:

1. Engesetvegen er under prosjektering, og teknisk sektor sikter seg inn mot byggestart mot slutten av 2018.
2. Urbakkfoten vert utlyst til prosjektering i løpet av hausten 2018, med byggestart våren 2019.
3. Raudemyrvegen skal prosjekterast hausten 2019, med byggestart våren 2020, eller straks Urbakkfoten er opna for trafikk.
4. Kleppeveken skal prosjekterast i 2021 og byggjast i 2022

Reguleringsplan for Raudemyrvegen og Kleppevegen vart igongsett og oppstart vart varsla i mai 2016 med folkemøte, vidare framdrift på desse reguleringsplanane har ikkje vore prioritert fram til no, då desse to vegane ikkje kan realiserast før i 2020-2022. Arbeidet med desse reguleringane er gjenoppteke no etter sommarferien 2018.

Desse samferdselsprosjekta må gå i denne rekkjefølga for å få ein god trafikkavvikling i byggjetida for alle desse strekningane.

Det som kan verte utfordrande framover er prioritering av desse prosjekta sett opp imot dei store byggjeprojekta som Volda kommune står framfor i denne økonomiplanperioden.

Dersom det skal byggjast/stor rehabilitering av Volda ungdomsskule, Volda Campus Arena, Kino/kulturhus og ny symjehall, så har truleg ikkje teknisk sektor kapasitet til å prioritere desse vegane med noverande bemanning.

Dette blir derfor eit tema i samband med budsjettprosessen for 2019-2022.

Jørgen Amdam, Ordførar 28.8.2018